

## **FORELDREMØTE FOR VG1 TYSDAG 1. NOVEMBER 2022**

Voss gymnas ynskjer velkomen til møte for foreldre/føresette til elevar på vg1. Elevar er velkomne til å vera med etter fellesøkta (av plassomsyn). I fellesøkta vil ein vil få informasjon om skulen, samt møte rådgjevarar og skuleleiing. I økta med kontaktlærer(ar) vert det meir informasjon om klassen, klassemiljø og skulekvardagen.

**Kl. 18:00-18:30** – Fellesøkt  
Lite auditorium for Vg1 yrkesfag  
Stort auditorium for Vg1 studieførebuande

**Kl. 18:30-19:00** – Informasjon om klassane i kvart sitt klasserom med kontaktlærer

**Kl. 19:10** – Høve til konferansetid med faglærer etter påmelding.

### **Påmelding til konferansetid:**

For at me skal kunne legge best mogeleg til rette for konferansetid med faglærer, treng me oversikt over kven som ynskjer konferansetid og kven føresette ynskjer å snakke med.

Send ein e-post til [post.vgy@vlfk.no](mailto:post.vgy@vlfk.no) innan **26.oktober** der fylgjande opplysningar er med:

Klasse:

Elevnamn:

Namn og tal på føresette som kjem:

Namn på faglærer ein ynskjer å snakke med:

Me ynskjer eit godt samarbeid og at føresette vert godt kjende med skulen og våre tilsette.

Vel møtt!

For Voss gymnas

Rektor